

## 24.11.2021 KOMMUNESTYRET

### Møtebehandling Vedtak samrøystes

#### KOM- 098/21 Vedtak:

Satsar for foreldrebetaling i SFO pr 01.01.2022 vert vedtatt slik:

<b>Timetal pr veke</b>	<b>Pris pr mnd frå 01.01.2022 auka med kr 100 pr sats</b>
<b>Morgon SFO</b>	<b>1330</b>
<b>1 - 8</b>	<b>1390</b>
<b>10</b>	<b>1610</b>
<b>12</b>	<b>1810</b>
<b>14</b>	<b>2000</b>
<b>16</b>	<b>2180</b>

Det kan kun tingast heile opningstida pr. dag.

Det er 11 betalingsmånader i SFO på Ringstad skule. Sunnylvn SFO og Geiranger SFO har 10 betalingsmånader pr år.

#### Moderasjonsordning:

Har ein to born i SFO vert det gitt 25% moderasjon i betalingssetsen til det yngste barnet. Har ein tre born i SFO vert det gitt 25% moderasjon for barn nr.2 og 50% moderasjon frå barn nr.3.

#### Kjøp av tid utover avtalt opphaldstid:

Det vert lagt opp til at det berre kan tingast heile dagar i samband med skulefri og kjøp av ekstra dagar

Kjøp av ekstra opphaldstid i samband med skulefri er kr. 250,- pr dag. Kun tinging av heile dagar.

Kjøp av tilfeldig opphaldstid utanom skuleferie er kr. 50,- pr time. Kun tinging av heile dagar (det antall timar SFO er open den dagen ein tingar).

#### Nasjonal moderasjonsordning for SFO:

Redusert foreldrebetaling i SFO (1. - 4. trinn) for hushaldning med lav inntekt. Ordninga sikrar at ingen familiar skal bruke meir enn maksimalt seks prosent av inntekta si til å betale for ein SFO-plass.

Gratis SFO for elever med særskilte behov på 5. til 7. trinn.